



Gulen Kommune

FUNKSJONSKILDRING

Totalentreprise

Eivindvik - Gang og sykkelveg



Saksnr:2026/1280



Innhald

1. INNLEIING.....	3
1.1. INNBYDING.....	3
1.2. KORT OM ANSKAFFINGA	3
1.3. TILBODSDOKUMENTA	3
1.3.1. TILBODSBREVET	3
1.3.2. PRISTILBODET	4
1.3.3. EVENTUELLE ATTERHALD	5
1.3.4. BESKRIVING AV KVALITET OG LØYSNING	5
1.3.5. FRAMDRIFTSPLAN	5
1.3.6. KVALITETSSIKRING	5
1.3.7. ORGANISERING.....	5
1.3.8. MILJØ OG KLIMA SKILDRING FOR PROSJEKTET	5
1.3.9. VEDSTÅINGSFRIST	5
1.4. GARANTI OG FORSIKRINGAR.....	6
1.5. KRAV TIL ARBEIDSMILJØ OG ARBEIDSVILKÅR	6
2. KONKURRANSEBESTEMMELSER	6
2.1.1. GJENNOMFØRINGSPLAN/ LØYSING	6
2.1.2. INTERNKONTROLL, OG HELSE MILJØ OG TRYGGLEIK	6
2.1.3. FORMULAR FOR FORSIKRINGAR OG SIKKERHEITSSILLING.....	6
2.1.4. FORHOLDET TIL PLAN OG BYGNINGSLOVA (PBL)	7
3. FORRETNINGSROUTINAR	7
3.1. BETALINGSBETINGELSER OG FAKTURERING	7
3.2. GEBYR.....	7
4. BESKRIVING AV OPPDRAGET	8
4.1. KRAV TIL FUNKSJON- OG YTINGAR – GENERELL DEL	8
4.1.1. TILTAKET SITT FORMÅL.....	8
4.1.2. KVALITETSSIKRING	8
4.2. FUNKSJONSKRAV	9
4.2.1. GENERELT OM FUNKSJONSKRAVA	9
4.2.2. REGELVERK	9
4.2.3. SPESIELLE TRYGGINGSTILTAK.....	9
4.2.4. TILTAKSHAVAR/ BYGGHERRE/MØTER.....	9
4.2.5. KRAV TIL PROSJEKTMATERIALET	9
4.3. Funksjonskrav for arbeidsomfanget	10
4.3.1. Etablering og førebuing	10
4.3.2. Graving og leidningsgrøft.....	10
4.3.3. Gang og sykkelveg	10
4.3.4. Etablering av fundament og lysmaster	10
4.3.5. Vassleidning og kummer.....	11
4.4. DOKUMENTASJON/FDV	12
4.5. KONTRAKTSHJELPARAR	12
5. VEDLEGGSOVERSIKT	13



1. INNLEIING


1.1. INNBYDING

Gulen kommune, heretter Byggherre. Byggherre innbyr leverandørar til å levere tilbod på kontrakt:

Eivindvik - gang og sykkelveg

1.2. KORT OM ANSKAFFINGA

Etablering av gang og sykkelveg får busskur i øvre stølen og til eksisterande gangfelt ved gulen sjukeheim. Legge nye vassrøyr og overvassrøyr i samband med utberinga.



1.3. TILBODSDOKUMENTA

Tilbodsdokumenta skal vere skreve på norsk og bestå av følgjande:

1. Tilbudsbrevet
2. Pristilbudet
3. Eventuelle atterhald
4. Beskriving av kvalitet og løysning
5. Framdriftsplan
6. Kvalitetssikring
7. Organisering
8. Miljø og klima skildring for prosjektet
9. Egeneklæring for kvalifikasjonskrav

1.3.1. TILBODSBREVET

Saman med tilbodet skal det følgje forpliktande tilbodsbrief, datert og underskriven av person fullmakt til å binde føretaket. Den som signerer tilbodsbriefet lyt inneha fullmakt «til å gjere tilbodet bindande»

Tilbudsbriefet stilast til adresse som er nemnd i konkurransegrunnlaget, i tilbudsbriefet lyt det gjevast opplysningar om følgjande:

- Tilbyder sitt namn, adresse, organisasjonsnummer og fullmaktsperson(er)
- Totale prosjektkostnader



1.3.2. PRISTILBODET

Alle delar av prisformatet i denne førespurnaden må utfyllast jamfør punkt 4.3 funksjonskrav for arbeidsomfanget.

Tilbodskjema skal representere ein komplett pris for etablering av gangfelt.

Tabell til utfylling:

Nr	Underspesifikasjon for totalentreprise	Kr (NOK) eks mva
1.	Felleskostnader for førebuing, etablering og rigg og drift.	
2.	Graving, sprenging og grøfter m.m.	
3.	Røyrleggar arbeid komplett (vassleidning, ventiler, armatur, kummer...)	
4.	Trafikkavvikling	
5.	Meirverdiavgift 25%	
	SUM TILBOD (1-6)	

Type arbeid (fag)	Kr. NOK pr time eks mva
Fagarbeidar	
Lærling	
Gravemaskin 5-8 tonn inkl førar	
Lastebil 8-10 m3 inkl førar	
Administrasjonskostander % påslagsprosent	
Påslagsprosent materialar %	



1.3.3. EVENTUELLE ATTERHALD

Eventuelle atterhald eller avvik i høve førespurnaden skal framgå av tilbods brevet. Atterhald lyt vere presise og einsarta slik at Byggherre kan vurdere desse. Atterhald som ikkje framkjem av tilbods brevet skal ikkje binde Byggherre.

1.3.4. BESKRIVING AV KVALITET OG LØYSNING

Beskriving av dei enkelte fagområda der hovudprinsippa framkjem. Det skal utarbeidast ei beskriving som skal vedleggast tilbodet og angje kvalitet, element og komponentar som skal brukast i prosjektet.

Det er opp til tilbyder å velje format på informasjonen, men det skal vere mogleg for oppdragsgjevar å eintydig forstå kva som er tilbode og korleis funksjonskrava er tilfredsstilt.

1.3.5. FRAMDRIFTSPLAN

Tilbydar skal utarbeide ein enkel framdriftsplan for prosjektet med ferdigstilling **Q1 2027**.

1.3.6. KVALITETSSIKRING

Tilbydar lyt på ein enkel måte gjere greie for og stadfeste at føretaket har eit kvalitetssikringssystem som kan tilpassast byggeprosjektet. Byggherren skal til ein kvar tid kunne gjennomføre kontroll av prosjekterande og utførande. Det lyt leggjast til rette for at slik kontroll kan skje. I byggefasen skal byggherren varslast før viktige komponentar og utstyr byggast inn. Alle berekningar, forutsetningar, samt alt utstyr og materialbruk, skal kunne dokumenterast. Dokumentasjonen og liknande dokument skal kunne leggjast fram for byggherren utan kostnader.

1.3.7. ORGANISERING

Tilbydar skal leggje fram dokumentasjon som viser korleis føretaket vil organisere seg.

1.3.8. MILJØ OG KLIMA SKILDRING FOR PROSJEKTET

Tilbydar skal skildre korleis prosjektet tek omsyn til miljø og klima gjennom heile prosessen. Skildringa skal omtale tiltak for å redusere klimagassutslepp, avgrense naturinngrep, handtere avfall på ein miljøvennleg måte. Entreprenøren skal skildre miljøleining i prosjektet.

1.3.9. VEDSTÅINGSFRIST

Tilbodet skal være bindande for tilbyder i **90** kalenderdagar, rekna frå utløp av tilbodsfristen.



1.4. GARANTI OG FORSIKRINGAR

Det skal stillast forpliktande sikkerheitsstilling og garantierklæring for totalentreprenøren sine kontraktforpliktingar, samt forsikring. Slik sikkerheitsstilling lyt kunne dokumenterast før kontraktskriving.

1.5. KRAV TIL ARBEIDSMILJØ OG ARBEIDSVILKÅR

Tilbydar skal ved tilbudsrekninga ta omsyn til dei til ei kvar tid etter norsk rett stillast til arbeidsmiljø og løns- og arbeidsvilkår for utføring av kontraktarbeidet. Byggherre kan føre kontroll og krevje innsyn i dette i kontraktsgjennomføringa.

Det stilles krav om bruk av lærlingar jf. anskaffingsloven § 7. om:

- Kontrakten har verdi på over 1,3 MNOK
- Kontrakten har en varighet på over 3 måneder.
- Kontraktens hovudelement omfattar arbeider der det er relevant å nytte arbeidskraft med fag- eller sveinebrev.
- Kravet ikkje er urimeleg i den konkrete kontrakten.

Tilbyder lyt ved innlevering av anbudet sjølv vurdere bruk av lærlingar jf. punkta over.

2. KONKURRANSEBESTEMMELSER

2.1.1. GJENNOMFØRINGSPLAN/ LØYSING

Følgjande moment vil bli vektlagt:

- At det vert tilbydt løysingar i samsvar med oppgjeve teikning og funksjonskrav
- At alle formelle krav i førespurnaden er oppfylt, t.d beskriving av tekniske løysingar.
- At tekniske kvalitetar og løysingar toler dei påkjenningane som bruken av anlegget vert utsett for.

2.1.2. INTERNKONTROLL, OG HELSE MILJØ OG TRYGGLEIK

Totalentreprenøren pliktar å ha eit internkontrollsystem som ivareta sine plikter med omsyn til helse miljø og sikkerheit på bygge- og arbeidsplassen, i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande lover og forskrifter. Dette skal kunne dokumenterast. Utgangspunktet for HMS-arbeidet er gjeve i Forskrift om sikkerheit, helse og arbeidsmiljø på bygge- og anleggsplassar, Byggherreforskrifta (BHF) og arbeidsmiljølova (AML).

Totalentreprenøren skal være koordinator for sikkerheit, helse og miljø i prosjekteringsfasa og utføringsfasa jf. §§ 13, 14 og 15 i BHF. Totalentreprenøren er ansvarleg for utarbeiding av HMS-plan jf. BF §7 og skal ha samordningsansvar og vere hovudbedrift i høve arbeidsmiljølova §2-2. Alle kostnader knytt til oppfylting av HMS-krav skal vere med i post for Felleskostnader.

2.1.3. FORMULAR FOR FORSIKRINGAR OG SIKKERHEITSSTILLING

Totalentreprenøren sine forsikringar og sikkerheit stilling i høve NS 8407, pkt. 7 og 8 skal dokumenterast innan inngåing av kontrakt.



2.1.4. FORHOLDET TIL PLAN OG BYGNINGSLOVA (PBL)

Totalentreprenøren og eventuelle kontrakthjelpere er forplikta til å følgja dei til ei kvar til gjeldande bestemmelsar gjeve eller i medhald av plan –og bygningslova (PBL). Manglar i forhold til dette vert sett på som vesentleg kontraktbrot som gjev kommunen rett til å heva kontrakten, samt gjere erstatningskrav gjeldande etter reglande i NS 8407 pkt. 46

Eventuell dispensasjonssøknad i høve plan og bygningslova med tilhøyrande forskrifter, skal på førehand godkjennast av byggherren. Prosjektet krev ansvarsrett som ansvarleg søkar, prosjekterande og utførande. Totalentreprenøren er forplikta til å få naudsynte godkjenningar i den tiltaksklassen som prosjektet tilseier. Manglande godkjenning vert sett på som vesentleg kontraktbrot som gjev kommunen rett til å heva kontrakten, samt gjere erstatningskrav gjeldande etter reglande i NS 8407 pkt. 46. Totalentreprenøren skal ta ansvar for alle funksjonar som SØK/PRO/UTF. Byggherre har ansvar for funksjon KONTROLL

3. FORRETNINGSRUTINAR

3.1. BETALINGSBETINGELSAR OG FAKTURERING

Betalingsvilkår er **30 dagar** frå Gulen kommune har motteke faktura. Det skal fakturerast etterskotsvis for kvar månad. Henvising til prosjekt og kontrakt skal påførast kvar faktura. Betalingsplan skal utarbeidast av totalentreprenør og godkjennast av Byggherre før oppstart.

Det skal nyttast EHF ved fakturering. Faktura skal merkast med resurs nr - **541561**.

3.2. GEBYR

Det skal ikkje bereknast fakturagebyr, ekspedisjonsgebyr eller nokon anna form for gebyr.



FUNKSJONSKRAV – TEKNISK DEL

4. BESKRIVING AV OPPDRAGET

Oppdraget omfattar etablering av nytt gangfelt mellom Øvre Stølen og eksisterande gangfelt ved sjukeheimen. Arbeidet omfattar nødvendig graving, masseutskifting og opparbeiding av gangfelt med tilhøyrande vegtilpassingar, kantstein, skilting, vegoppmerking og fartsdempar. I samband med etableringa skal det leggjast nye vassleidningar og overvassleidningar, inkludert nødvendige kummar, koplingar og tilkoplingar til eksisterande anlegg. Det skal vidare utførast flytting, tilpassing eller etablering av gjerde og lyktestolpar med tilhøyrande arbeid for å sikre tilfredsstillande belysning av gangfeltet og nærliggande areal. Der grunnforholda krev det, skal nødvendige sprengingsarbeid inngå i entreprisen. Alle berørte areal skal reetablerast til minst same standard som før anleggsarbeidet.

Entreprenøren har ansvar for planlegging og gjennomføring av trafikkavvikling i anleggsperioden. Arbeidet skal utførast slik at framkomst for gåande, syklende, køyretøy, naudetatar og brukarar av sjukeheimen vert ivareteken gjennom heile byggeperioden. Nødvendige trafikkregulerande tiltak, skilting og sikringstiltak skal etablerast og oppretthaldast i samsvar med gjeldande regelverk og godkjend arbeidsvarslingsplan. Gangfeltet, leidningsanlegga, belysninga og øvrige installasjonar skal ved ferdigstilling oppfylle gjeldande tekniske krav og relevant regelverk for fylkesveg.

4.1. KRAV TIL FUNKSJON- OG YTINGAR – GENERELL DEL

Krava og ytingane er ikkje komplett, og totalentreprenøren lyt supplere desse.

Totalentreprisen skal famne om ein komplett nøkkelferdig leveranse, med bakgrunn i dei krav og føresetningar som vert oppgjeve.

4.1.1. TILTAKET SITT FORMÅL

Tiltaket har som føremål å etablere ein samanhengande gang- og sykkelveg på strekninga mellom Øvre Stølen og eksisterande gangfelt ved Gulen sjukeheim. Prosjektet skal bidra til auka trafiksikkerheit og betre framkome for mjuke trafikantar. Samstundes skal eksisterande vassforsyning og overvasshandtering forbeholdt gjennom etablering av ny vassleidning og overvassleidning. Tiltaket skal sikre ei framtidsretta og funksjonell løysing for både samferdsel og teknisk infrastruktur i området.

4.1.2. KVALITETSSIKRING

Byggherren skal til ein kvar tid kunne gjennomføre kontroll av prosjekterande og utførande. Det lyt leggjast til rette for at slik kontroll kan skje. I gjennomføringsfasen skal byggherren varslast før viktige komponentar og utstyr byggast inn. Alle berekningar, forutsetningar, samt alt utstyr og materialbruk, skal kunne dokumenterast. Dokumentasjonen og liknande dokument skal kunne leggjast fram for byggherren utan kostnader.



4.2. FUNKSJONSKRAV

4.2.1. GENERELT OM FUNKSJONSKRAVA

Funksjonskrava i standard abonnementsvilkår VA – tekniske bestemmelser er minimumskrav. I tillegg til desse kjem eventuelt eigendefinerte funksjonskrav.

4.2.2. REGELVERK

Alle arbeider skal utførast i samsvar med offentlege lover og forskrifter. Oppramsinga nedanfor er ikkje komplett. Fleire av lovene og forskriftene har og relevans i høve driftsfase.

Sentrale lover og forskrifter:

- Plan og bygningslova med tilhøyrande føresegner og forskrifter
- Arbeidsmiljølova med tilhøyrande føresegner
- Brannlova med tilhøyrande føresegner.
- Forureiningslova med tilhøyrande føresegner
- Lov om tilsyn med elektriske anlegg med tilhøyrande føresegner
- Ferie-lova
- Nabolova
- Internkontroll/HMS forskrifta

4.2.3. SPESIELLE TRYGGINGSTILTAK

Sikkerhetstiltak vedrørande sprenging nær bustad og veg.

Leidningsnett skal levere vatten av drikkevasskvalitet til forbrukaren til ein kvar tid under utbygginga.

4.2.4. TILTAKSHAVAR/ BYGGHERRE/MØTER

Gulen kommune er Byggherre. Tilbydar skal, om avtale vert oppretta, vere totalentreprenør for bygg og anlegg. Gulen kommune innkaller og referer frå byggherre møter med totalentreprenør.

4.2.5. KRAV TIL PROSJEKTMATERIALET

Alle teikningar skal vere målsett i samsvar med Norsk Standard. Det er utarbeidd anbods/prinsipp teikningar for leidningane og kummane. Arbeidsteikningar eller liknande som entreprenøren behøver utover dette, står dei sjølv for.

Prosjektmaterialet skal samanstillast i eigen rapport og skal bestå av:

- Som bygget tegningar og innmålt vassleidnig. SOSI og PDF format.
- Alle naudsynte produksjonsteikningar, skjemateikningar, beskrivande mengdeberekningar.



4.3. Funksjonskrav for arbeidsomfanget

4.3.1. Etablering og førebuing

Totalentreprenøren skal:

- Etablere riggområde og anleggsplass på ein trygg og ryddig måte, inkludert brakker, lager og maskinoppstilling etter behov.
- Sørge for naudsynt skilting, varsling og trafikkavvikling i samsvar med gjeldande forskrifter og krav frå kommunen og fylket.
- Gjennomføre kabel- og leidningspåvising og koordinere arbeidet med andre leidningseigarar.
- Etablere midlertidig vassforsyning dersom arbeid medfører driftsavbrot for abonnentar. Midlertidige løysingar skal planleggjast og godkjennast av byggherre før oppstart.
- Tiltak for HMS, ytre miljø og tryggleik skal vere på plass før anleggsstart.

4.3.2. Graving og leidningsgrøft

Totalentreprenøren skal:

- Grave grøft etter teikningar og spesifikasjonar med korrekt djupn, fall og breidde. Grøfta skal tilpassast leidningstype og lokale grunnforhold.
- Handtere massar forsvarleg. Gjenbrukbare massar skal mellomlagrast på eigna stad.
- Leggje til rette for trygg arbeidssone og sikre grøfta mot ras og setningar.
- Utføre nødvendig avstiving og sikring av tilgrensande vegar, bygg og anlegg.
- Utføre grøftebotn med jamn og stabil flate slik at leidninga får korrekt understøtte.

4.3.3. Gang og sykkelveg

Totalentreprenøren skal:

- Gang- og sykkelvegen skal utformast iht teikningar og i samsvar med gjeldande krav til trafiksikkerheit, universell utforming og relevante vegnormalar for fylkesvegar.
- Gang- og sykkelvegen skal opparbeidast lik som eksisterande gang- og sykkelveg.

4.3.4. Etablering av fundament og lysmaster

Totalentreprenøren skal:

- Det skal etablerast lysmaster med armatur som sikrar god og jamn belysning av gangfelt lysmaster iht teikning.
- Kabelanlegg skal etablerast med nødvendige trekkerøyr, kabelgrøfter og tilkopling til eksisterande straumanlegg.
- Entreprenøren har ansvar for komplett levering, montering, testing, idriftsetjing og dokumentasjon av anlegget.



4.3.5. Vassleidning og kummer

Totalentreprenøren skal:

- Levere og montere ny vassleidning av type og dimensjon som spesifisert i teikningsgrunnlaget. Røyra skal tilfredsstille aktuelle krav til trykkklasse, materialstandard og dokumentert kvalitet.
- Leggje leidninga med korrekt høgd og fall i grøfta, samt sikre krav til frostfri overdekning.
- Utføre omfylling og komprimering i samsvar med krav til røyrleidningar (jf. VA/Miljø-blad 5 og 6 eller tilsvarande).
- Gjennomføre trykkprøving, lekkasjetest og desinfisering av leidninga. Dokumentasjon av prøveresultat skal leverast til byggherre for godkjenning før leidninga vert sett i drift.
- Utføre alle nødvendige tilkoplingar til eksisterande leidningsnett på ein trygg og kontrollert måte. Alle materialene som skal være i direkte kontakt med vatn må være godkjent for bruk til drikkevatn.
- Levere og montere nye kummer i betong eller plast, komplett med armatur, ventilar, kumlok. Kumkort med merking av røyr.
- Merke og dokumentere kummane sin posisjon og utføre innmåling i SOSI-format for overlevering til kommunen.
- Utføre tilkoplingar til eksisterande leidningar etter plan godkjend av byggherre.
- Nyta godkjende overgangsstykke og koplingar tilpassa material og dimensjon.
- Sikre at tilkopling vert gjennomført utan lekkasje eller driftsavbrot utover det som er avtalt.
- Varsle kommunen og eventuelle berørte abonnentar i god tid før omkobling.
- Utføre trykktest og dokumentere resultat etter ferdig tilkopling.
- Attfylle grøfta med eigna og komprimerte massar i samsvar med krav til lagdeling og komprimeringsgrad.
- Sørge for at overflata vert sett i stand til same eller betre stand enn før arbeidet, inkludert asfalt, grøntareal og liknande.



4.4. DOKUMENTASJON/FDV

Når prosjektet er klart for søknad om ferdigattest skal totalentreprenøren levere følgjande dokumentasjon:

- Kontrakten med totalentreprenøren og eventuelle kontraksmedhjelparar som sikrar byggherren naudsynte rettigheiter i høve bruk av digitalt teikningsmateriell.
- Alle teikningar skal ved overlevering ha status "som bygget".
- FDV dokumentasjon, beskrivingar og tilhøyrande drifts-og vedlikehaldsinstruksar for alle tekniske installasjonar.
- Sluttoppgjer vert ikkje utbetalt før all FDV-dokumentasjon ligg føre og funne tilfredsstillande, samt at opplæring er gjeve.

4.5. KONTRAKTSHJELPARAR

Her skal oppgjevast kva kontraktshjelparar som skal nyttast i prosjektet.

Tabell til utfylling:

Fagområde	Namn på entreprenør/ konsulent
Elektro	
Røyrleggar	
Asfalt	



5. VEDLEGGSOVERSIKT

A001

HC101

HC102

HF001

HF002

IN101

TB101

TC101

TC102

TF001

TF002

TF003

TF004

TF005

TF006

TF007

TF009

Pristilbod.xlsx

Egeneklæring for kvalifikasjonskrav